

Skylappjenta

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TILPASSA:

Tverrfagleg samarbeid norsk og samfunnsfag. Kan brukast på alle studieretningar, vg1/vg2

ØVING PÅ DEI GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITENE:

Øving på munnlege og skriftlege ferdigheiter, samt samtale og lytting

PRESENTASJON AV OPPLEGGET:

Utgangspunktet er filmen «Skylappjenta» og arbeid med nokre typiske eventyrtrekk. Trening i bruk av omgrep knytta til flerkulturelle samfunn. Ulike typar skriveoppgåver; kreative, argumenterande og resonnerande. Filmene blir brukt som bakgrunn og igangsetjar for skriveoppgåvene. Dette undervisningsopplegget har ikkje fokus på dei filmanalytiske aspekta.

FORSLAG TIL GJENNOMFØRING:

Førlesingsaktivitet –

1. Kva er ein *skylapp*? Stikkord på tavla
2. Studer biletet under og skriv kva du forbind med ein sommarfugl.



«Når eg ser sommarfuglen tenkjer eg på...»

3. Lytteoppgåve:
 - a) Lytt til [Sommerfuggel i Vinterland](#) av Halvdan Sivertsen.

b) Kva symboliserer sommarfuglen i denne teksten?

4. Les eventyret [Raudhette og ulven](#)

Aktivitetar etter lesinga organisert i grupper eller i samla klasse:

- a) Samtal i klassen om kva verdiar det er som eventyret formidlar.
- b) Kva typiske eventyrtrekk finn du?

5. Sjå filmen, men stopp filmen ved 6:25

Lita refleksjonsoppgåve for å skape engasjement:

- Kva trur du skjer vidare?

Du kan starte teksten din slik: «*Eg trur at...*»

Når elevane har presentert tekstane sine, kan ein sjå siste del av filmen.

Etterlesingsoppgåve:

1. Denne filmen har ein klar parallell til «Raudhette og ulven», men finn du andre eventyr i filmen?
2. Samtal om moralen i filmen i gruppe eller samla klasse:

Kva vinn og kva tapar ho ved å forlate heimen sin?

Å lære omgrep:

Forklar omgrepa under, bruk gjerne [ndla](#)

Omgrep	Forklaring
Fleirkulturell	
Stereotypi	
Fordommar	
Arrangert ekteskap	
Kultur	

Integrering	
Framandfrykt	

SLUTTPRODUKT:

1. Sjå for deg at du er jenta som har fått ei god venninne i storbyen. Fortel ho kva som hende den dagen då du gjekk for å vitje bestemor di?
2. Tenk deg at du er jenta og skriv brev til mor di der du prøver å overbevise ho om valet du tok. Du kan byrje slik:

«Kjære mamma!

Eg skriv til deg for å fortelje deg at eg har det bra her i storbyen, men at eg likevel saknar deg. ...»

3. Skriv ein tekst der du reflekterer over fordelene og ulempene mellom arrangert ekteskap og ekteskap bygd på kjærleik.
4. Skriv ein tekst der du reflekterer over kva utfordringar fleirkulturelle ungdommar møter i Noreg i dag. (Jamfør starten på filmen der Skylappjenta ikkje ser typisk norsk framferd).

VURDERING:

Skriftleg innlevering med karakter i norskfaget. Kriteria blir bestemt i klassen.

KOMPETANSEMÅL:

Norsk:

- beskrive estetiske uttrykk i teater, film, musikkvideo, aviser og reklame og drøfte ulike funksjoner knyttet til språk og bilde
- vurdere fortellemåter og verdier i et representativt utvalg samtidstekster sammenlignet med tekster fra norrøn og samisk litteratur, myter og folkediktning fra flere land
- bruke et bredt register av språklige virkemidler i egen skriving, i sakprosa og kreative tekster, på bokmål og nynorsk
- bruke norskfaglig kunnskap i samtaler om tekster

Samfunnsfag:

- beskrive hovudtrekk ved kulturen til nokre minoritetar i Noreg og drøfte utfordringar i fleirkulturelle samfunn
- definere omgrepet kultur og gje døme på at kultur varierer frå stad til stad og endrar seg over tid